



KVINNHERAD
K O M M U N E



Overordna retningslinjer for **LANDBRUK I KVINNHERAD** 2021-2023

Vedteken av Kvinnherad formannskap den 11.03.21

Innhold

Innleing.....	4
1. SÆRSKILTE MILJØTILTAK I LANDBRUKET (SMIL)	4
MÅLSETJING FOR BRUK AV SMIL-MIDLANE.....	4
OVERORDNA FØRINGAR	5
KORT OM SMIL-ORDNINGA.....	5
TILKNYTING TIL ANDRE MILJØORDNINGAR	5
SØKNAD.....	5
TEMATISK PRIORITERING	6
LOKALE MÅLSETJINGAR OG PRIORITERINGAR.....	6
TILTAK.....	7
KOMMUNAL FORVALTING	7
INFORMASJON TIL NÆRINGA.....	8
KOMMENTAR	8
2. TILTAK I BEITEOMRÅDE.....	8
FØREMÅL.....	8
OVERORDNA FØRINGAR	8
KORT OM STRATEGIEN.....	8
TILKNYTING TIL ANDRE ORDNINGAR	9
SØKNAD.....	9
TEMATISK PRIORITERING	9
LOKALE MÅLSETJINGAR OG PRIORITERINGAR.....	9
VILKÅR	10
KOMMENTAR	11
YMSE.....	11
3. STATLEG TILSKOT TIL DRENERING AV JORDBRUKSJORD	11
Føremål	11
Vilkår	12
Tilskotssatsar.....	12
Søknad.....	12
4. KOMMUNALT TILSKOT TIL DRENERING/GRØFTING OG NYDVRKING AV JORDBRUKSJORD ..	12
Vilkår:	12
Berekning av tilskot.....	13
Søknad og utbetaling:	13
Søknad.....	13
5. OVERORDNA RETNINGSLINJER FOR TILSKOT TIL SKOGBRUKSTILTAK	13
Tilskot til bygging og ombygging av skogsvegar.....	13
Vegstandard.....	14

Prioritering.....	14
Tilskotssatsar.....	14
Tilskot til overordna vegplanlegging	15
Vilkår for tilskot.....	15
Søknad, handsaming og utbetaling	15
Resultatkontroll	15
Tilskot til drift med taubane, hest o.a.....	15
Alder.....	16
Andre avgrensinger.....	16
Tilskotssatsar.....	16
Prioritering.....	17
Søknad og sakshandsaming	17
Resultatkontroll	17
Tilskot til skogkultur	17
Tilskotssatsar (Statsforvaltaren si tilråding).	18
Skogeigarsamarbeid – høgare tilskot.....	18
Suppleringsplanting	18
Tilskot til tettare planting	18
Forsømt ungskogpleie.....	18
Skogfond.....	19
6. VILTFOND KVINNHERAD	19
7. SKOTPREMIE – kommunal ordning	20
8. FISKEFOND KVINNHERAD	20
9. UTVALDE KULTURLANDSKAP GJUVSLANDSLIA (UKL).....	21

Innleiing

Kommunane er landbruksstyresmakt på ei rekke oppgåver innan jordbruk, skogbruk og hagebruk med tilhøyrande næringar, samla kalla landbruk. Dette omfattar forvalningsoppgåver der kommunane med heimel i lov og forskrift er førsteinstans for vedtak og førebuing av saker som skal avgjerast av andre organ på høgare nivå. Dette er også oppgåver som kommunen har som planstyresmakt, og utviklings-oppgåver som delvis er lovheimla og delvis ligg til den generelle utviklingsrolla som kommunen har.

Utviklingsrolla er i liten grad pålagd gjennom lover og regelverk, men er desto viktigare for å bidra til ei positiv utvikling i landbruket og for bygdene. Kommunar som arbeidat aktivt med utvikling har erfaringsvis fått ein større del av ulike utviklingsmidlar for landbruket, til dømes gjennom god informasjon og offensivt motivasjonsarbeid og rettleiing.

Frå 2020 overtok kommunane forvaltinga av desse statlege ordningane:

- Tilskot til skogsvegar
- Tilskot til skogsdrift i vanskeleg terren
- Tilskot til tiltak i utvalde kulturlandskap i jordbruket (UKL) og verdsarvområda
- Tilskot til tiltak i beiteområde

Frå tidlegare forvalta kommunen desse statlege ordningane:

- Tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)
- Tilskot til drenering av jordbruksjord
- Tilskot til skogkultur m.m. (NMSK)

Frå 01.01.21 har Fylkesmannen i Vestland endra namn til Statsforvaltaren i Vestland.

Dette strategidokumentet er laga etter krav frå overordna mynde og samlar Kvinnherad kommune sine strategiar for både statlege og kommunale ordningar som vert forvalta lokalt.

Ordninga med tilskot til utvalde kulturlandskap er også delegert til kommunen frå 2020, men er ikkje med i dette dokumentet fordi det berre gjeld Gjuvslandsia på Varaldsøy.

1. SÆRSKILTE MILJØTILTAK I LANDBRUKET (SMIL)

Landskapet i Kvinnherad er som andre stader i fjordområda prega av aukande attgroing. Dette skjer samtidig som ein opplever aukande interesse frå mellom anna turistnæringa. Det er ei målsetting å verna om det opne landskapet. Ein må prioritera kva som er viktige og kva som er mindre viktige landskap. Det vert og viktig å stimulera til gjerdehald og til bruk av beitedyr i landskapet. Biologisk mangfold vil ein ta vare på ved at ein i særskilt verdifulle områder vil stimulera til ljåslått, styving av tre o.l. Gamle kulturminner som steingardar eller bygningar bør prioriterast i områder der desse er sterkt med og pregar landskapet. Å hindra tilsig av forureining til vassdrag og luft vert og ei svært viktig oppgåve i tida framover.

SMIL er ei tilskotsordning som har eksistert i mange år. I Kvinnherad laga vi dei første strategiane i perioden 2005-2008.

MÅLSETJING FOR BRUK AV SMIL-MIDLANE

Stimulere til auka utnytting og glede av utmark og kulturlandskap. Det vert og viktig å hindre forureining til vassdrag og luft, og arbeide for tiltak som er viktige for klimaet.

OVERORDNA FØRINGAR

- Kommuneplan for Kvinnherad
- Landbruksplan for Kvinnherad 2020-2025
- Handlingsplan for landbruket i Vestland 2020
- Meld. St. 11 (2016–2017)
- Regionalt og nasjonalt miljøprogram 2019 - 2022
- Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket

KORT OM SMIL-ORDNINGA

Føremålet med SMIL er å fremma natur- og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap og redusera forureininga frå jordbruket, utover det som kan forventast gjennom vanleg jordbruksdrift.

Regelverk for ordninga er:

- [Informasjon om SMIL-ordninga hos Landbruksdirektoratet](#)
- [Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket](#)
- [Regelverk og sakshandsaming](#)

Strategi

I forskrifa står det at kvar kommune skal utarbeida ein lokal strategi. Den skal vera kommunen sitt verktøy for å tildele tilskotsmidlar for å nå utvalde målsetjingar og satsingsområde i nærmiljøet.

Tilskot vert løyvt til gode miljøtiltak som er i tråd med føremålet med ordninga.

Ramma til kvar kommune er rekna ut med utgangspunkt i dekar jordbruksareal i drift, tal sokjarar på produksjonstilskot og miljøverdiar i kommunane. Rammene er i tillegg justert i tråd med innmeldte behov, tidlegare års forbruk og prioriteringar i lokale retningslinjer.

TILKNYTING TIL ANDRE MILJØORDNINGAR

Smil er ikkje den einaste ordninga som rettar seg mot miljø, natur- og kulturminne. Det er viktig at kommunen knyter dei lokalretta satsingsområda opp mot andre kommunale, fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar.

SMIL-ordninga skal vurderast i samanheng med :

- **Regionalt miljøprogram - RMP** - eit program med tilskotsordningar for kulturlandskap, biologisk mangfald, klima og ureining knytt til jordbruket. Det er Statsforvaltaren i Vestland som administrerer programmet. Les meir: [statsforvalteren.no](#)
- **Vassforskrifta – Forskrift om rammer for vannforvaltningen** styrer myndighetene sitt arbeid med heilsakleg vassforvaltning. Les meir: [vannportalen.no](#)
- **Kulturminne** – for eksempel lokal kulturminneplan (under arbeid) og Kulturminnefondet - ei tilskotsordning for private eigarar av verneverdig kulturminne. Les meir: [kulturminnefondet.no](#)
- **Nærings- og miljøtiltak i skogbruket - NMSK** - skal stimulera til auka verdiskaping, bærekraftig utnytting av skogressursane og bevaring og utvikling av miljøverdiar i skog. Les meir: [landbruksdirektoratet.no](#)

SØKNAD

Søknadsfrist: 15. mars.

Kommunen informerer om eventuelle tilleggsfristar.

Søknad «*Tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)*» vert sendt inn på www.altinn.no

TEMATISK PRIORITERING

Ein stor del av SMIL- midlane vert nytta på rydding, gjerdehald og verneverdige bygningar og andre kulturminne. Fjerning av piggtråd og beitehald. Men ein vil og no også prioritera tiltak som vil vera med og hindra avrenning av forureina overflatevatn til vassdrag og til klimatiltak.

LOKALE MÅLSETJINGAR OG PRIORITERINGAR

Tiltak	Tilskotssats
Beityrdding <ul style="list-style-type: none"> Prioritering Rydding som fører til auka sikt frå veg og tiltak innan landskapsvernområde skal prioriterast. Bør stimulerast der det er trong for beiteområde, i verdifulle landskapsområde og ved inngangen til Folgefonna nasjonalpark. Mål Auka beiteareal, ta vare på det opne landskapet og få betre sikt frå veg og utsyns-punkt. Det vert sett som vilkår at beite vert nytta i minst 5 år. Dei som ikkje har dyr sjølv eller har få dyr, må skaffa beiteavtalar 	Inntil 70% tilskot. Godkjent kostnad pr. da. inntil kr 3000,- Tilskot maks kr 1400 pr. da.
Tiltak for ville pollinerande insekt og truga natur <ul style="list-style-type: none"> Støtte til t.d. blomstereng og å setje att areal langs elv og veg 	
Gjerdetiltak <p>Med gjerde meinar vi vanleg gjerde, permanent elektrisk gjerde og nye gjerdemetodar som td. Nofence.</p> <ul style="list-style-type: none"> Prioritering Det kan løvvast tilskot til gjerde i samband med rydding av nytt beite. Fjerning av piggtråd Sjøvlukkande grinder ved turstiar Bør stimulerast der det er trong for beiteområde, i verdifulle landskapsområde og ved inngongane til Folgefonna nasjonalpark. Mål Auka beiteareal, ta vare på det opne landskapet og få betre sikt frå veg og utsyns-punkt. Det kan løvvast tilskot til fjerning av gammalt gjerde, særleg piggtråd. 	Inntil 50% tilskot. Godkjent kostnad permanent nettinggjerde inntil kr 300 pr. m. Tilskot inntil kr 150 pr. m. Godkjent kostnad permanent elektrisk gjerde inntil kr. 150 Tilskot til nye gjerdemetodar maks 40% av investerings-kostnad.
Fjerning av svartelista artar <ul style="list-style-type: none"> Prioritering Til dømes Tromsøpalme (Når det gjeld parkslirekne er den ikkje prioritert av Miljødirektoratet) Mål Fjerne uønskte artar 	
Styving og stell av kristtorn. <ul style="list-style-type: none"> Prioritering Gamle tre i spesielle land –skapsområde. Tre som kan gje inntekt. Mål Ta vare på styvingstre der mange får glede av å sjå dei. Tilskot berre til fyrstegongsstyving av tre. 	Inntil 50% tilskot. Godkjent kostnad pr. tre inntil kr 800.
Ljåslått <ul style="list-style-type: none"> Prioritering Berre i særskilt verdifulle kulturlandskap godkjent av Statsforvaltaren. Mål Ta vare på biologisk mangfald. 	Inntil 70% tilskot. Godkjent kostnad inntil kr 1570 pr. da.

Steingardar <ul style="list-style-type: none"> Prioritering Steingardar som er godt synlege og merkjer seg ut i landskapet. Bør prioritera område der landskapet er prega av desse. Mål Ta vare på gamle steingardar og gjera dei synlege. Prioritera område der steingardar pregar landskapet t.d. Halsnøy 	Maks 60% tilskot. Godkjent kostnad pr. m. inntil kr 1000,-
Verneverdige bygningar <ul style="list-style-type: none"> Prioritering Gamle særprega bygg og tun. Prioritera bygg som kan gje inntekt Mål Ta vare på gamle bygg som kan skape inntekt og bygg som er sjeldne og viktige kulturminne. Tilskot til våningshus berre i særskilte høve. Kan og godkjenna innvendige investeringar. 	Inntil 50% tilskot av godkjent kostnad, avhengig av nytte og andre moglege finansieringskjelder.
Tilrettelegging for ferdsel <ul style="list-style-type: none"> Prioritering I hovudsak til gamle ferdslærer og ta mest omsyn til i populære turområde og i dei mest folketette områda. Mål Ta vare på gamle ferdslærer. Kan og gje støtte til nye turstiar. Gjerdeklyvarar, grinner og P-plasser kan vera med i godkjent kostnad. 	Inntil 50% tilskot. Avhengig av ålmen nytte og evt. andre finansieringskjelder.
Klimatiltak <ul style="list-style-type: none"> Prioritering Tiltak som hindrar tap av næring til luft og vatn og reduserar faren for flaum. T.d. tak over eksisterande gjødsellager Mål Redusera faren for flaumskader. Sikra god vasskvalitet i vassdrag. Støtte til leplanting, vollar, hydrotekniske anlegg, avskjeringsgrøfter og sandfangkummar. Restaurering av opne bekker. Støtte til utarbeidning av klimagassrekneskap 	Inntil 50% av kostnadsoverslag
Områdetiltak <ul style="list-style-type: none"> Prioritering Prosjekt som t.d. LivOGList-programmet for lokalsamfunnsutvikling og forprosjekt for utviklingstiltak. Mål Auka aktivitet i bygdesamfunna med nettverksbygging og ide-dugnad. Få i gang større heilskafelege prosjekt over større områder. 	
Hydrotekniske tiltak <ul style="list-style-type: none"> I fleire vassførekomstar er det behov for tiltak for å redusere avrenning og risiko for avrenning frå jordbruksdrifta. 	Inntil 20% av kostnadsoverslag.

TIKTAK

- Kanalisera støtte til prioriterte oppgåver.
- Arbeida for å arrangera fagdagar i samarbeid med t.d. Landbruksrådgjevinga eller faglaga, der ein kan spreia kunnskap om aktuelle emne.
- Fylgja opp tilrådingar i samband med arbeidet med nytt vassdirektiv.

KOMMUNAL FORVALTING

- Søknadene vert handsama i samsvar med gjeldande lover og reglar.

- Ordningane som støtte til steingardar, verneverdige bygg og tilrettelegging for ferdsel vert handsama i samarbeid med kulturkontoret.
- Det vert gjennomført stikkprøvekontrollar, og vi ber om sluttrapportar dokumentert med bilete, kart o.l. før tilskotet vert utbetalt.

INFORMASJON TIL NÆRINGA

Dette skjer gjennom informasjon i lokalavisene, kommunen sine heimesider, nyhendebrev på epost til produsentar, på facebook « Landbruket i Kvinnherad» og «Bønder i Kvinnherad» og gjennom årlege faste møter med lokallaga.

KOMMENTAR

Dersom det kjem nye statlege føringar kan Kvinnherad kommune gjera endringar i strategien på kort varsel, dersom noverande strategi kjem i konflikt med eventuelle nye reglar.

2. TILTAK I BEITEOMRÅDE

FØREMÅL

Formålet med tilskotet er å legge til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusera tap av dyr på utmarksbeite og fremma fellestiltak i beiteområda.

Regelverk:

- [Informasjon om Tilskot til tiltak i beiteområde hos Landbruksdirektoratet](#)
- [Forskrift om tilskot til tiltak i beiteområde](#)
- [Regelverk og handsaming](#)

OVERORDNA FØRINGAR

- Kommuneplan for Kvinnherad
- Landbruksplan for Kvinnherad 2020-2025
- Handlingsplan for landbruket i Vestland 2020
- Meld. St. 11 (2016–2017)
- Regionalt og nasjonalt miljøprogram 2019 - 2022
- Forskrift om tilskot til tiltak i beiteområde
- Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket

KORT OM STRATEGIEN

Forvaltninga av tilskotsordninga vart overført frå Statsforvaltaren til kommunane 1.januar 2020. Kommunen skal fastsette lokale retningslinjer innafor ramma av forskrift og rundskriv. Retningslinjene skal prioritere type tiltak utifrå kva som er formålstenleg for å fremme utmarksbeiting i kommunen.

Statsforvaltaren fordeler midlar til kommunane. Kommunane prioriterer søknader og innvilgar tilskot etter lokale retningsliner, aktuell forskrift og rundskriv.

Dette er ein fleirårig tiltaksstrategi som skal gje grunnlag for Statsforvaltaren ved fordeling av midlar og for vera grunnlag for kommunen si sakshandsaming. Tiltaksstrategien gjeld frå 2021 til 31.12.2023.

TILKNYTING TIL ANDRE ORDNINGAR

ORGANISERT BEITEBRUK (OBB)

Landbruksforetak som slepper dyr på beite kan organisera seg i beitelag og samarbeide om tilsyn, sinking og andre fellestiltak knytt til utmarksbeite. Beitelaga kan få støtte til drift gjennom ordninga OBB.

Føremålet er å legge til rette for ei meir rasjonell utnytting av utmarka og å redusere tap av dyr på beite. Kvinnherad har 4 beitelag og store beiteområde i fleire delar av kommunen. Nokre bønder har dyr på beite i andre kommunar. Søknadar skal vurderast i samanheng med RMP og SMIL

SØKNAD

Søknadsfrist: 15. mars

Kommunen informerer om eventuelle tilleggsfristar.

Søknad «*Tilskudd til tiltak i beiteområder*» vert sendt inn på www.altinn.no

TEMATISK PRIORITERING

Tiltak som kan betra beitekvaliteten

LOKALE MÅLSETJINGER OG PRIORITERINGER

<u>Tilskot til planleggings- og tilretteleggingstiltak</u>	Tilskot
<p>Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt kan vera ulike typar prosjekt som rettar seg mot organisering og tilrettelegging av utmarksbeita for god og effektiv beitebruk.</p> <p>Dette kan bl.a. omfatta:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Planlegging og prosjektering av faste installasjoner • Ny organisering av beitelag og utmarksbeiteområde • Prosjektretta arbeid for stimulering til auka beitebruk og rasjonell utnytting av beita • Tidsavgrensa utprøving av nytt utstyr som kan gje meir effektiv og god beitebruk • Utarbeiding av planar (beitebruksplan, tiltaksplan, beredskapsplan mv.) for utmarksbeite • Vegetasjonskartlegging 	<p>Det kan løvvast tilskot på inntil 70 % av godkjent kostnadsoverslag.</p>

<u>Tilskot til investeringar knytt til utmarksbeita</u>	Tilskot
<p>Tilskot kan gjevast til investeringar i faste installasjoner og anna utstyr knytt til beitebruk. Innanfor disse rammene kan ein gje tilskot til alle tiltak som fremmar beitebruken i eit område.</p> <p>Ulike typar faste og mobile investeringstiltak det kan gjevast tilskot til (lista er ikkje uttømmande):</p>	

Sperregjerde	<ul style="list-style-type: none"> Eit sperregjerde skal hindre beitedyr i å komma ut av beiteområdet. Sperregjerde kan også tene til å avgrense beiteområdet mot veg, jernbane, busetnad og jordbruksområde. 	Det kan løvvast tilskot på inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag.
Ferister	<ul style="list-style-type: none"> Ferister bør vera av godkjent fabrikat eller bygd etter standardteikningar. 	Det kan løvvast tilskot på inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag.
Bruer	<ul style="list-style-type: none"> Det kan gjevast tilskot til bruar som er dimensjonert for føring av beitedyr. Dersom bruene er kraftigare dimensjonert kan kostnadsoverslag eller tilskotsdel reduserast tilsvarende. 	Det kan løvvast tilskot på inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag.
Gjetarhytter	<ul style="list-style-type: none"> Kostnadsoverslag for gjetarhytter kan omfatta hytter på inntil 20 m² med kvadratmeterpris som tilsvrar gjennomsnittleg kostnad for hytter av enkel standard i det aktuelle området. 	Det kan løvvast tilskot på inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag.
Sanke- og skiljeanlegg		Det kan løvvast tilskot på inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag.
Anlegg/rydding/ utbetring av driftevegar		Det kan løvvast tilskot på inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag.
Saltsteinsautomatar		
Transportprammar		
Elektronisk overvakingsutstyr	<ul style="list-style-type: none"> Radiobjøller, lammenoder, merkesavlesarar, "findmysheep" mv. 	Det kan løvvast tilskot på inntil 70 % av godkjent kostnadsoverslag. Dette gjeld for inntil 50 % av dyretalet i beitelaget / besetningen.

VILKÅR

- Tilskot etter denne forskrifta kan gå til lag eller foreiningar (beitelag, grunneigarlag, radiobjøllelag) som er registrert i einingsregisteret, som driver næringsmessig beitedrift og som set i verk investeringstiltak og/eller planleggings- og tilretteleggingsprosjekt i beiteområde.
- Tilsvarande gjeld for føretak som kan få produksjonstilskot etter § 2 i forskrift 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket der det grunna naturgjevne eller driftsmessige forhold ikkje ligg til rette for samarbeid.
- Det kan ikkje løvvast tilskot til investeringstiltak og/eller planleggings- og tilretteleggingsprosjekt i beiteområde som er leidg på ein periode mindre enn 10 år.
- Tilskot kan få avslag dersom arbeidet med investeringstiltaket er starta opp før søknaden er handsama.
- Det kan ikkje gjevast nytt tilskot til same type investeringstiltak før etter 20 år for hytter og 15 år for faste installasjonar. Dette gjeld ikkje for tilskot til elektronisk overvakingsutstyr.

KOMMUNAL FORVALTING

- Kommunen får ei årleg løying frå Statsforvaltaren til tiltak i beiteområde.
- Det er kommunen som prioriterer søknadane og løyer tilskot.

- Som grunnlag for prioriteringane skal kommunen fastsetje lokale retningslinjer. Dei lokale retningslinjene skal fastsetje kva tiltak som vil bli prioritert ut frå kva som er føremålstenlege tiltak for utmarksbeitinga i kommunen. Retningslinjene kan også innehalda timesatsar for eige arbeid som kan leggjast til grunn for kostnadsoverslag for tiltaka, og tilskotsandel til ulike typar tiltak ut frå kva som vert vurdert som mest føremålstenleg tiltak ut frå regionale og lokale forhold.
- Kommunen kan legge vekt på søkjær si eigenfinansiering (målt i kroner eller eigeninnsats) som eit kriterium for prioritering av søknadar.
- Retningslinjene skal kunngjerast i tilknyting til kommunen si årlege utlysning av midlar på ordninga. Kommunen skal lyse ut midlane og fastsetje søknadsfrist. Utlysning med søknadsfrist skal kunngjerast på kommunen si nettside.
- Søknadene vert handsama i samsvar med gjeldande lover og reglar.
- Det vert gjennomført stikkprøvekontrollar, og vi ber om sluttrapportar dokumentert med biletar, kart o.l. før tilskotet vert utbetalet.

INFORMASJON TIL NÆRINGA

Dette skjer gjennom informasjon i lokalavisene, kommunen sine heimesider, nyhendebrev på epost til produsentar, på facebook « Landbruket i Kvinnherad» og «Bønder i Kvinnherad» og gjennom årlege faste møter med lokallaga.

KOMMENTAR

Dersom det kjem nye statlege føringar kan Kvinnherad kommune gjera endringar i strategien på kort varsel, dersom noverande strategi kjem i konflikt med eventuelle nye reglar.

Ymse

Eksempel på beiteprosjekt som er gjennomført er «Landskap i drift»

3. STATLEG TILSKOT TIL DRENERING AV JORDBRUKSJORD

God drenering er avgjerande for å kunne auke matproduksjonen i åra som kjem. Det er også eit viktig ledd i å tilpassa jordbruksareal til eit enda klima med meir nedbør. God drenering reduserer faren for erosjon frå jordbruksareal og bidreg på den måten til god vasskvalitet og eit godt vassmiljø. Godt drenert jord slepper også ut mindre lystgass enn vassmetta jord.

Føremål

Føremålet med ordninga er å auke kvaliteten på tidlegere grøfta jordbruksjord ved å gje tilskot til drenering av dårleg drenert jord med potensial for auka matproduksjon og å redusera faren for erosjon og overflateavrenning av næringsstoff til vassdrag.

Regelverk:

[Forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord](#)

[Drenering av jordbruksjord](#) – informasjon frå Landbruksdirektoratet

Vilkår

Tilskotet kan gå til drenering av tidligare grøfta jordbruksareal. Planerte areal er unntak fra vilkåret om at arealet tidlegare skal være grøfta.

Tilskot kan ikke gjevest der tiltaket medfører vesentleg skade for annan eigedom og naturmangfold, vesentleg fare for flom og vassureining eller fare for skade på automatisk freda kulturminne. Tilskot kan heller ikke gjevest der tiltaket er sett i gong før tilskot er løyvd.

Tilskotssatsar

Tilskot til drenering av jordbruksjord, avgrensa til systematisk grøfting, profilering og omgraving utgjer 2 000 kroner per dekar. Ved anna grøfting kan det gjevest 30 kroner per meter grøft avgrensa oppover til 2 000 kroner per dekar.

Tiltak:	Kva meinast med tiltaket:
Systematisk grøfting	Drenering med ein bestemt intensitet (avstand mellom grøftene) som dekkar eit gitt areal, nok til å sikre ein tilfredsstillande dreneringstilstand på arealet.
Profilering	Overflateforming der et system av opne grøfter med møneforma teigar mellom sikrar overflateavrenning av arealet.
Omgravning	Omsnuing av jordproffilet på myrareal, slik at torvjord vert lagt under og eit lag av undergrunnsjord vert lagt på toppen. Omgravninga skal drenere arealet og betre bæreevna.
Annen grøfting (usystematisk)	Usystematisk og tilfeldig grøfting /drenering for å tørrlegge mindre parti på arealet.

Søknad

Søknadsfrist: Ingen søknadsfrist. Kontakt landbrukskontoret.

Søknad «Tilskudd til tiltak i beiteområder» vert sendt inn på www.altinn.no

4. KOMMUNALT TILSKOT TIL DRENERING/GRØFTING OG NYDVRKING AV JORDBRUKSJORD

Vedteke av Kvinnherad kommunestyre 27.09.2018 og revidert 18.06.20

Tilskot til grøfting og nydvrking er kommunale tilskot som skal bidra til auka jordforbetring og utviding av jordbruksarealet i kommunen. Retningslinene gjeld frå og med 2019. Midlane vert løyvd gjennom kommunen sitt årsbudsjett. Midlane skal som hovudregel disponererast i budsjettåret i samsvar med retningsliner.

Dette er ei årleg løyving som vert godkjent i samband med budsjetthandsaminga.

Vilkår:

- Det vert berre gjeve tilskot til areal i Kvinnherad kommune.
- Det skal før nydvrkingsarbeidet startar ligge føre ein plan for nydvrking godkjend av kommunen.
- Arbeidet må vera starta innan 3 år frå dato for godkjent løyve.
- Det vert berre gjeve nydvrkingstilskot til areal som kan klassifiserast som fulldyrka areal.

- Det vert ikkje gjeve nydyrkingstilskot til areal det er utbetalt arealtilskot til.
- Tilskot til grøfting vert gjeve berre til jord som tidlegare er dyrka
- Tilskota kan gjevast til eigar av jordbruksareal eller føretak som leiger jordbruksareal. Tiltak på leigd areal må ha løyve frå grunneigar.
- Drifta på eigedomen og det omsøkte tiltaket må vere i høve til gjeldande lover og føresegner

Berekning av tilskot

Sats er sett til kr 1.000,- per dekar systematisk grøfta jord eller kr 15 per m grøft og kr 2 500 per daa nydyrka areal. Satsane kan bli sett lågare dersom det kjem inn mange søknader innan fastsett søknadsfrist. Satsane vert justert etter konsumprisindeksen med rund sum kvart femte år.

Søknad og utbetaling:

Grøfting: Når søknad om statleg tilskot til drenering er godkjent og utbetalt, kan søker be om å få utbetalt kommunalt tilskot til tiltaket. Det kan gjerast med eit brev/epost til kommunen.

Nydyrkning: Søknad om tilskot skal sendast kommunen. Løyve til nydyrkning med kart over oppdyrka areal, skal leggjast ved søknaden. Det vert berre gjeve tilskot til nydyrka areal som er ferdig godkjent og oppmålt av kommunen.

Søknad

Søknadsfrist: Søknadane vert handsama etter kvart som dei kjem inn. Vedtak om tilskot innanfor avsett budsjettramme vert gjort av administrasjonen.

Kontakt landbrukskontoret.

5. OVERORDNA RETNINGSLINJER FOR TILSKOT TIL SKOGBRUKSTILTAK

I NMSK-forskrifta § 3 står det:

"Det skal fastsettes overordnede retningslinjer for prioritering av søknader. Slike retningslinjer skal utarbeides i dialog mellom Statsforvaltaren, kommunene og næringsorganisasjonene i skogbruket lokalt".

Kvinnherad kommune har i dialog med dei lokale skogeigarlaga og Statsforvaltaren laga desse retningslinene den 01.02.2020. Retningslinene gjeld fram til nye vert publisert.

Tilskot til bygging og ombygging av skogsvegar

I NMSK-forskrifta står det: "Det kan gis tilskudd til bygging av nye eller ombygging av eksisterende skogsveier når dette bidrar til helhetsløsninger som gir grunnlag for utnyttelse av skog- og utmarksressursene."

Vidare står det at vegen skal vere godkjend etter forskrift om planlegging og bygging av landbruksvegar eller plan- og bygningslova.

Før anleggsarbeidet vert starta skal det utarbeidast ein byggjeplan godkjend av kommunen. På baksida av tilskotssøknadsskjemaet står det kva byggjeplanen skal innehalde.

Det er eit krav at vegen vert halde ved like i same standarden han vart bygd.

Vegstandard

Vegen må ha ein standard som er tilfredsstillande for den aktuelle bruken og skal byggjast i samsvar med gjeldande normalar for landbruksvegar. Vegstandarden må avpassast skogen og det aktuelle området. Større veganlegg bør vere planlagd av ein godkjend vegplanleggar. Veglina skal vera stukken i marka og godkjent av kommunen (jamfør landbruksvegforskrifta). På grunn av skilnaden i kostnad og geometri må traktorveg klasse 7 vurderast opp mot bilveg, særleg når areala med planta gran som vert løyst ut er under 100 dekar, når det er aktuelt med vegklasse 5 og når offentleg tilkomstveg ikkje er open for vogntog. Vegen skal byggjast etter den godkjende veglina, og anlegget skal føra fram til det punkt som er oppgjeve i søknaden.

Dersom offentleg tilslutningsveg ikkje held standard for vogntog (12,4 eller 15 meter lengde) eller ikkje har tilstrekkeleg tillate aksellast (under 8 tonn), bør veglag, vegplanleggjar og kommunen som skogbruksstyresmakt arbeide for å skrive opp standarden på den offentlege vegen. Dersom dette ikkje vert gjort, bør det aktuelle veganlegget prioriterast ned for tildeling av tilskot. Større fellesanlegg skal prioriterast høgt. For slike prosjekt må det også skipast veglag. Fordeling av kostnadene for anlegget skal gå fram av underskreve søknadsskjema og det framtidige vedlikehaldet skal vera ordna ved skriftleg avtale før tilskot vert utbetalt. Det skal normalt ikkje gjevast tilskot til vegklasse 8 og vinar med lågare standard.

Prioritering

Følgjande prioritering gjeld:

- o Vinar (nybygging eller ombygging) i samband med vindfallhogst
- o Større felles tilkomst-/hovudveganlegg med mykje hogstmoden skog og store produktive skogareal og vinar bygde som sams tiltak etter Jordskifteloven
- o Andre anlegg i tråd med hovudplan for skogsvegar
- o Bilvegar framfor traktorvegar
- o Vegklasse 5 bør nedprioriterast.

Traktorvegar i vegklasse 7 kan likevel vere tilkomstveg og ha rett til tilskot der det løyser ut mindre felt under 100 dekar.

Tilskotssatsar

Tilskotsprosenten til sekundærvegar/traktorvegar ligg mellom 25 – 45 %. Tilskotsprosenten til bilvegar og tilkomstvegar ligg mellom 30 – 60 % .

Anlegg der det er brukt godkjend vegplanleggar kan få høgare tilskot med:

- o detaljplanlegging +4 prosentpoeng
- o utarbeidning av anbod +3 prosentpoeng
- o oppfølging av anlegget under bygging +3 prosentpoeng

Skogsvegar i vegklasse 2 til 7 kan for vegens dekningsområde få tilskot med inntil kr 7 000 per dekar for areal i hkl 2 – 4 som er tilplanta med gran, og inntil kr 160,- per m³ gran og furuskog i hkl 5. For lauv inntil kr 100,- per m³ i hkl 5. Vinar som løyser mykje lauvskog og lite annan skog skal likevel prioritert ned.

Bruk av skogfond med skattefordel må nyttast so langt det er råd. Det betyr at bygging av større veganlegg bør løye ut monaleg med hogstmoden skog dei fem første åra etter bygging.

Dersom planen for eit veganlegg må endrast av omsyn til naturmiljø og friluftsliv, skal eventuelle meirkostnader som skuldast dette gå inn i tilskotsgrunnlaget, og det kan kompenserast med ein noko høgare tilskotssats.

Tilskot til overordna vegplanlegging

Overordna vegplanlegging og motiverande arbeid er vesentleg for å få til rasjonelle og lønsamme veganlegg. Kommunane kan yte tilskot til overordna vegplanlegging og det er ein fordel at dette vert samordna på regionnivå. Statsforvaltaren samordnar dette.

Vilkår for tilskot

Tilskotet vert gjeve med vilkår om at vegen vert vedlikehalden i den standard den er bygd. Vedlikehaldsavtale skal vera underskriven av grunneigarane før tilskot vert utbetalta.

Det vert utført vedlikehaldskontroll på vegar som er mellom 10 og 20 år gamle. Statsforvaltaren gjennomfører kontrollane i lag med kommunane.

Det skal settast vilkår om nyplanting av gran på skogsmark som eignar seg for granplanting tilsvarende 1 dekar per 5 000 kr gjeve i tilskot. Tilsvarande er det eit vilkår at hogst av gran i vegens dekningsområde skal plantast att med gran. Skogfaglege vurderingar kan likevel vege mot dette. Areala skal vere kartfesta på den einskilde eigedom før tilskot blir løyvd.

Søknad, handsaming og utbetaling

Søknad skal skje på søknadsskjemaet og sendast til kommunen saman med kartgrunnlag. Kommunen registrerer søknaden, prioriterer og handsamar han.

Kostnadane for vegen skal vere kjent før ein søker om tilskot. Anbod eller fast pris er vanleg.

Løyve til avkøyring frå offentleg veg skal vere gjeve før det vert søkt om tilskot.

Det skal først rekneskap for veganlegget med utgifter utan mva. Utgiftene i rekneskapen skal vere dokumentert med fakturaer eller timelister ved eigeninnsats. Grunnlag for utbetaling av tilskot er rekneskapssamandrag.

Organisasjonsnummer og bankkontonummer til den som tilskotet skal betalast ut til må først på skjemaet.

Resultatkontroll

Kommunen har ansvaret for gjennomføring av kontroll og minst kvar tiande av dei godkjende søknadene skal følgjast opp med synfaring. Dei som søker om tilskot er forplikta til å frigi opplysningar og akseptere dei kontrolltiltak som skogbruksmynda bestemmer.

Statsforvaltaren og kommunen kan kontrollere at driftsområde er kvalifisert for tilskot og at drifta er gjennomført i samsvar med vilkåra i retningslinene og vedtaket om tilskot.

Tilskot til drift med taubane, hest o.a.

I NMSK-forskrifta står det: «Det kan gis tilskudd til utdrift av skogsvirke med taubane, hest o.a. Tilskudd kan bare gis der det er foretatt registrering av miljøkvaliteter i området. I områder der det ikke er foretatt miljøregisteringer, skal det stilles krav om gjennomføring av de føre var- tiltak som er nedfelt i Levende Skogs standarder».

I følgje landsskogtakseringa står 30% av den planta granskogen i Vestland fylke i taubaneterreng. Det er liten konkurranse med annan arealbruk på dei bratte areala og dei eignar seg godt til skogbruk.

Taubanedrift er ein viktig driftsform for oss som vi er opptekne av at det vert støtta opp om. Det er særskilt viktig at dei få aktørane vi har ein økonomi som set dei i stand til å utvikle metodar og utstyr i takt med teknologisk utvikling.

Tilskot til drift i vanskeleg terrengr skal berre gjevest når drifta blir gjennomført i hogstmoden skog og på ein slik måte at det blir teke omsyn til skogens funksjonar i forhold til biologisk mangfald, landskapsverdiar, kulturminneverdiar og friluftsliv. Tilskot kan berre gjevest der det er gjennomført registrering av miljøkvalitetar (MiS) i området.

Det er eit vilkår at det etter hogst av gran skal plantast att. Skogfaglege vurderingar kan likevel vege mot dette.

Alder

Søkjar må dokumentere alder på skogen (t.d. kopi av skogbruksplandata, børprøve eller tal årringar) i søknad om tilskot, før handsaming. Det skal takast prøvar i ulike deler av hogstfeltet.

Lågaste alder for å gje tilskot:

Bonitet	Lågaste alder	Tillegg til alder målt i brysthøgde
G26 og betre	55 år	+ 10 år
G23	60 år	+ 12 år
G20	70 år	+ 13 år
G17	80 år	+ 14 år
G 14	90 år	+ 16 år

Andre avgrensingar

Det kan berre utbetalast tilskot når drifta blir gjennomført utan særleg skade på spesielle miljøverdiar i området.

Det skal ikkje gjevest tilskot:

- o dersom skogsdrifta kan motverka utbygging av eit rasjonelt vegnett innan eit naturleg avgrensa driftsområde
- o til område som skal brukast til andre føremål enn landbruksproduksjon.

Tilskotssatsar

Tilskotssatsen til taubanedrift har ikkje vore vurdert på svært mange år. Tømmermarknaden svingar mykje opp og ned. For å sikre økonomien i driftene ved låg tømmerpris går kommunen inn for eit variabelt tilskot etter følgjande formlar:

Tilskot, kr per m ³		
Gran	Variabelt tilskot på	48.000,- gjennomsnittleg virkespris
Furu og lauv	Variabelt tilskot på	56.000,- gjennomsnittleg virkespris
Hestedrifter og løypestreng		150,-

Tilskotet kan altså tilpassast den einskilde drifta ved å sjå på gjennomsnittsverdien for virket etter at drifta er ferdig.

Det vert også gjeve eit tillegg på kr 20,- per m³ til taubanedrifter der tømmeret vert kjørt fram med lastetraktor. Slikt tilleggstilskot skal ikkje gjevest dersom det etter ei totalvurdering av skogsvegplanar i området er lønsamt å bygge bilveg fram til standplass og eventuelt oppover/ innover i området.

Prioritering

Tilskot til hogst av stormfelt skog vert prioritert.

Søknad og sakshandsaming

Søknad om tilskot skjer på [dette](#) søknadsskjemaet eller direkte i [skogfondssystemet](#) i god tid før drifta vert sett i gang. Søknaden bør sendast kommunen seks – 6 – veker før planlagd oppstart av drifta.

Følgjande skal leggjast ved søknad om tilskot :

- o Kart (leggjast inn direkte ved elektronisk søknad).
- o Dokumentasjon på alder
- o I område utan MIS-registreringar dokumentasjon på at det er gjennomført føre-var-tiltak i tråd med Levande Skog sine standardar
- o Underskrift av skogeigar (ved papirsøknad)

Kommunen innarbeider naturmangfaldslova sine prinsipp om offentleg mynde (§7) og legg dei til grunn for avgjersla om tilskot.

Du kan sende ei oppmading om utbetaling digitalt i Skogfondssystemet. Søknadar du kan registrer utbetalingsoppmading på ligg på framsida under "Meldingane mine". Om du ikkje kan levere digitalt kan du skrive ut og fylle ut skjemaet "[Utbetalingsoppmading for tilskot til drift med taubane, hest o.a \(LDIR-931\)](#)" og sende det til kommunen via e-post/brev.

Arbeidsfrist er normalt 3 månader og tilskotet kan verte trekt inn utan nærmare varsel når arbeidsfristar har gått ut.

Resultatkontroll

Kommunen har ansvaret for gjennomføring av kontroll og minst kvar tiande av dei godkjende søknadene skal følgjast opp med synfaring. Dei som søker om tilskot er forplikta til å frigi opplysningar og akseptere dei kontrolltiltak som skogbruksmynda bestemmer.

Statsforvaltaren og kommunen kan kontrollere at driftsområde er kvalifisert for tilskot og at drifta er gjennomført i samsvar med vilkåra i retningslinene og vedtaket om tilskot.

Tilskot til skogkultur

Statsforvaltaren tildeler rammeløyvingar til kommunane med bakgrunn i aktivitet og prognosar frå kommunen og tildelt fylkesramme.

Skogbrukslova pålegg skogeigar å sørge for tilfredsstillande forynging etter hogst, og sjå til at det er samanheng mellom hogstform og metode for forynging. Nødvendige tiltak for å leggje til rette for forynging skal setjast i gang innan 3 år etter at hogsten er skjedd.

I følgje berekraftforskrifta er tilfredsstillande forynging planting av same eller høgare produserande treslag enn det som er hogd.

Tilskot til forynging av skog og ungskogpleie er eit av dei viktige verkemidlane for å sikre framtidig skogproduksjon. På fylkesnivå vert berre halvparten av avverkingsarealet forynga etter hogst. Dette er ikkje tilfredsstillande og langt frå berekraftig. Vi vil difor prioritere oppfølging av forynging i form av auka kontroll so vel som kunnskapsspreiing og rådgjeving.

Tilskotssatsar (Statsforvaltaren si tilråding).

Tilskot til skogkultur har tidlegare år variert mellom 30 - 70 % i vestlandsfylka, medan gjennomsnittleg tilskotssats for heile landet har vore under 20%. Årsaka til historisk særer høge prosentsatsar på Vestlandet har samanheng med skogreisingstida og at skogeigarane ikkje hadde skogfond. I dag vert skogen hogd slik som i andre område av Noreg og skogeigarane sett av skogfond til naudsynte investeringstiltak.

Tilskotssatsen til skogkultur 2021-2023 er fastsett av kommunen, men dei sentrale tilskotssatane kan endra seg ofte årleg i høve til prioriteringar eller lokale utfordringar.

Tiltak	Tilskotssats
Markberedning	60% av kostnad
Nyplanting	40 % av kostnad
Plantekjøp	40 % av kostnad
Suppleringsplanting	50% av kostnad
Avstandsregulering/ungskogspleie	60 % av kostnad
Flaterydding før planting	30% av kostnad
Underskot tynning	80 kr/m ³
Gjødsling av skog	40 % av kostnad
Tettare planting ved nyplanting	60 % av kostnadar

Skogeigarsamarbeid – høgare tilskot

Skogkulturtiltak i område der skogeigarane samarbeider på tvers av eigedomsgrensene har mange fordelar og skal ha 5 prosentpoeng høgare tilskotssatsar.

Suppleringsplanting

Ved suppleringsplanting vert det gjeve eit sentralt tilskot på 50% for kostnaden av inntil 50 planter per dekar med krav om at plantetalet etter suppling tilfredsstiller det fastsette minimumstal per dekar. Sjå tabellen nedanfor.

Tilskot til tettare planting

Ved nyplanting vert det gjeve eit sentralt tilskot på 60 % for kostnaden av inntil 50 planter ekstra per dekar. Sjå tabellen under.

Bonitet	Minimum plantetal per dekar etter suppling	Intervall for plantetal som utløyer tilskot for tettare planting
26	220	220 - 270
23	220	220 - 270
20	200	200 - 250
17	180	180 - 230
14	160	160 - 210
11	130	130 - 180

Forsømt ungskogpleie

Det aller meste av tilskotet går i dag til planting og på fylkesnivå har berre 2% av tilskotet dei siste tre åra gått til ungskogpleie. Ungskogpleie er ei naudsynt investering for å auke tilvekst, kvalitet og ikkje minst stormstabilitet.

Kommunane kan enkelt hente rapportar frå ØKS over skogeigarar med potensielt behov for ungskogpleie på eigedomen. Dei aktuelle skogeigarane kan kontaktast for skogfagleg rådgjeving på eigedomen. Ungskogpleie er ein prioritert del av skogkulturen.

Skogfond

Skogfondordninga er ein viktig finansieringskjelde for blant anna skogkultur. Ordninga med skattefordel er særslig lønsam for skogeigaren og bør nyttast i større grad. I samband med planlegging av hogst vil det framover vere særslig viktig å avsette tilstrekkeleg skogfond. Lågaste sats (4 %) er ikkje tilstrekkeleg til å finansiere framtidig skogkulturbbehov – planting og ungskogpleie. For å finansiere eigendelen av forynginga og ungskogpleie må det settast av 15 %.

Kommunen, Statsforvaltaren og tømmerkjøparane må samarbeide om å rettleie skogeigarane til å sette av nok skogfond i tråd med framtidig investeringsbehov.

6. VILTFOND KVINNHERAD

Alle kommunar som har opna for jakt på hjort skal etablera eit kommunalt viltfond. Inntektene til det kommunale viltfondet er den offentlege fellingsavgifta for hjort og fonnet si årlege avkasting.

Inntektene frå omsettinga av ulovleg felt vilt og fallvilt av hjortevilt, samt hjortevilt som blir felt som skadedyr (løyve gjeve i medhald av naturmangfaldlova § 18) blir òg rekna som inntekter til det kommunale viltfondet.

Viltfondmidlar kan nyttast til:

- Tilskot til tiltak for å fremja viltforvaltning, styrke kunnskapen om viltet, jaktorganisering med meir i kommunen og nabokommunar. Dette skal skje gjennom samarbeid i regi av organisasjonar, enkeltpersonar eller kommunen
- Å dekke kommunen sine utgifter til ettersøk og handtering av skadd vilt og fallvilt i kommunen
- Tiltak for å førebyggje skadar på landbruksnæring voldt av hjortevilt.

Viltfondmidlar kan ikkje nyttast til:

- Kommunal administrasjon av viltforvaltning (faste utgifter til løn, møtegodtgjersle, reiser med meir)
- Å erstatte skader voldt av vilt
- Skotpremiar

Søknad

Det vert sett to fristar kvart år for å søkje viltfondet om midlar, 1. mai og 1.oktober. Søknadane skal så handsamast i formannskapet innan to månadar. Midlane skal lysast ut. Søknaden skal vere skrifteleg og må innehalde:

- Ei utgreiing om tiltaket
- Kostnadsoverslag
- Kartfesting
- Foto
- Kontaktperson for tiltaket

Midlar som ikkje vert brukt vert lagd til fonda og delt ut seinare.

Fellingsavgift

Fellingsavgifta for hjort blir fastsett av kommunen innanfor rammene som er fastsett i statsbudsjettet av Stortinget.

06.12.2012 vedtok Formannskapet desse satsane for fellingsavgift for hjort i Kvinnherad:

- For alle vald som har gjennomført og fått godkjent eigen driftsplan med avskytingstavle:
 - Vaksen hjort: kr. 250,-
 - Kalv: kr. 100,-
- For vald utan godkjende bestands-/driftsplanar:
 - Vaksen hjort: kr. 330,-
 - Kalv: kr. 200,-
- Alle dyr med slaktevekt 35 kg eller lågare skal betalast som kalv, men rapporterast i rett aldersgruppe.
-

Vedtaket er gjort med heimel i [Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort](#)

7. SKOTPREMIE – kommunal ordning

Kvinnherad kommune har i mange år hatt skotpremie på rev, mink, mår, kråke og mårhund.

Alle som skal driva jakt og fangst må ha betalt jegeravgift.

Fangsten må dokumenterast med bilet.

Søknadsskjema finn du på kommunen si [heimeside](#).

8. FISKEFOND KVINNHERAD

Det finst 3 ulike fiskefond i kommunen, med forskjellige mål og ulike summar som vert betalt inn kvart år.

- [Fondet Staffivatnet](#) kan brukast for opphjelp av fisk/vilt/friluftsliv i det området som er berørt av utbygginga.
- [Fondet Blåfalli](#) kan brukast i heile kommunen til opphjelp av fisk og vilt.
- [Fondet Opstveit – og Midtbotnvatn](#) kan brukast til opphjelp av fisk i heile kommunen.

Forskrifter for bruk av fiskefonda i Kvinnherad kommune vart [vedteke 25.10.2018](#).

Søknad

Det vert sett to fristar kvart år for å søkje fiskefondet om midlar, 1. mai og 1.oktober. Søknadane skal så handsamast i formannskapet innan to månadar. Midlane skal lysast ut. Søknaden skal vere skrifteleg og må innehalde:

- Ei utgreiing om tiltaket
- Kostnadsoverslag
- Kartfesting
- Foto
- Kontaktperson for tiltaket

Midlar som ikkje vert brukt vert lagd til fonda og delt ut seinare.

9. UTVALDE KULTURLANDSKAP GJUVSLANDSLIA (UKL)

21

Det er 45 utvalgte kulturlandskap i Norge. Eit av desse er Gjuvslandslia i Kvinnherad kommune, Vestland. I dette området kan brukarar og eigarar søkje tilskot til skjøtselstiltak.

Regelverket er utarbeidd på grunnlag av forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyane og Vestnorsk fjordlandskap, FOR-2019-12-18-2024

Føremål

Føremålet med tilskot til tiltak i Utvalde kulturlandskap er å bidra til å sikre verdiar knytt til landskap, biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø, og med dette sikre langsiglig skjøtsel og drift, jf § 1 i forskrifta.

Verkeområde

Regelverket gjeld for det utvalde kulturlandskapet Gjuvslandslia slik det er avmerkt i Naturbase.

Tildeling av tilskot

Kommunen skal lyse ut alle tildelte tilskotsmidlar. Ved utlysinga skal kommunen opplyse om kva for eit tiltak kan få tilskot, satsar og eigenandel for ulike tiltak, og om det er avsett midlar til felles tiltak for området.

Tiltaka må også vere i samsvar med gjeldande planar for området, og ev. avtaler mellom søker. Dersom søker ikkje er grunneigar, må det ligge føre løyve frå grunneigar og andre rettshavarar.

Tiltak

Kommunen kan løyve tilskot til fylgjande tiltak:

- Restaurering og skjøtsel av areal. Dette er eit prioritert tiltak for å sikre det biologiske mangfaldet, og for å ta vare på kulturlandskapet
- Istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av bygningar og andre kulturminne
- Planlegging av tiltak
- Tilrettelegging for ferdsel og friluftsliv
- Formidlingstiltak
- Andre tiltak som fremjar føremålet med ordninga

Kommunen kan ved å løyve tilskot til det enkelte tiltaket, setje vilkår i vedtaksbrevet. Kommunen skal skaffe nødvendig kunnskap om landbruk, natur og kulturminne før ein gjer vedtak om tildeling av tilskot.

Tiltak som er starta eller ferdig, vil normalt ikkje få tilskot.

Søknad om tilskot:

- Frå og med 2020 må søknaden sendast inn digitalt med innlogging via ID-porten/www.altinn.no
- Tiltaket ein søker på skal merkast av på kart som skal ligge ved søknaden.
- Mangelfulle søknader kan kommunen avvise. Spør dersom du er i tvil om kva du skal søkje på.
- Det er viktig at tiltaket vert dokumentert med foto før og etter.

Søknadsfrist er 1.oktober 2020

Rettleiande satsar for eigeninnsats:

Manuelt utført eige arbeid (inkl. motorsag og liknande): kr 350 pr. time

Bruk av traktor: kr 600 pr. time

Bruk av gravemaskin: kr 800 pr. time (eller etter rekning)

Arbeidsfrist

Fristen for gjennomføring av tiltaket er 3 år fra det blir løyvd tilskot. Kommunen kan etter søknad forlenge arbeidsfristen, men ikke ut over 5 år fra tilskotet vart løyvd.

Utbetaling av tilskot og krav om rapportering

Kommunen betalar ut det løyvde tilskotet etter skriftleg melding frå søker, og når kommunen har godkjent sluttrekneskapen.

Det kan også betalast ut tilskot etter kvart som deler av tiltaket vert utført, på bakgrunn av godkjent dokumentasjon. Minst 25 % av tilskotet skal haldast attende til arbeidet er fullført og godkjent, og sluttrekneskapen er godkjent.

Den som har mottatt tilskot skal levere sluttrapport og sluttrekneskap til kommunen innan fristen som er fastsett i vedtaksbrevet om tildeling av tilskot. Kommunen kan gje nærmere krav om rapportering i vedtaksbrevet.